



Ny i Norge – på lokal dialekt?

s. 25

SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

39. ÅRGANG 3/2011

- Språkdagen 2011: språkpolitikk, s. 10
- Tegnspråk i Språkrådet, s. 14
- Ny nynorsknorm, s. 18
- Navn til å få forstand av?, s. 22

Språkrådet



Kjære lesar!

Det vart ein sommar vi aldri kjem til å gløyme. Ein enorm eksplosjon i Oslo og eit hjarteskjerande skytedrama på Utøya i Tyrifjorden etterlét eit tomrom og ei smerte som ramma nokre av oss direkte, og som samstundes var ei påminning om kor lite og tett det norske samfunnet er.

Ei slik ekstraordinær hending får oss til å leite etter ekstraordinære ord. Poetiske tekstar som «Til ungdommen» av Nordahl Grieg og «Mitt lille land» av Ole Paus fekk ein ny funksjon og verdi for mange. Politikarane våre vart vart samde om å halde borgfred til langt inn i den ordinære valgkamperperioden, og fleire av dei gav uttrykk for at dei no ville passe ekstra godt på språkbruken sin. Det har òg hendt at vi har late orda vente – og vore saman om ein minutt i stille eller søkt trøyst i musikk eller andre kunstuttrykk.

Vi har fått ei påminning om kva verdi språket har for oss. I kvardagslege situasjonar tek vi gjerne språket

for gitt og synest ikkje det er så viktig. Men når vi står sårbare framfor noko uvant, blir vi òg meir merksame på kva kraft språket har.

Mange leitar etter konstruktive vegar vidare etter tragedien som ramma landet. Kan hende det nye medvitet om språk òg kan vere noko å ta med seg vidare? I kvardagen har vi òg godt av å reflektere over språket vi bruker. Tilpassar eg meg tid, stad og adressat? Viser eg andre den respekten eg sjølv ynskjer å bli møtt med? Kunne eg gjort meg litt umak for å finne ei endå betre formulering?

Som vanleg har vi òg i dette nummeret av Språknytt sett saman eit breitt knippe tekstar for deg, til nytte og vonleg til glede. God lesnad!

Venleg helsing

INNHOOLD 3/2011

AKTUELT

- 6 Intervjuet
- 10 Språkpolitikk på Språkdagen
- 11 Ny språkpolitisk statusrapport
- 14 Historisk ansettelse — tegn-
språkrådgiver i Språkrådet

INNSIKT

- 18 Nynorsknorma – slik blir ho
- 22 Namn til å få forstand av?
- 24 Språkarbeid hos UKA
- 25 «Ja, jæi la an på å tåå
oppdaling, ja.»
- 29 Kristofer Uppdal
– språk og språksyn
- 33 Skavlan – en mannsjåvinist?



Har du et spørsmål som du vil at vi skal ta opp i denne spalten, kan du sende oss en e-post. Adressen er: sporsmal@sprakradet.no. Skriv «Leserspørsmål» i emnefeltet.

Spørsmål: Etter en diskusjon på Wikipedia lurer jeg på om OL-lekene skal skrives med stor eller liten forbokstav. Heter det «Deltakere under Sommer-OL 2008», eller skal sommer-OL 2008 skrives med liten forbokstav?

Svar: Det bør hete Sommer-OL 2008 med stor forbokstav. Når sommer-OL, fotball-VM, ski-VM osv. omtales generelt, er det riktig å bruke liten forbokstav. Når det derimot er snakk om et spesifikt arrangement (Sommer-OL 2012, Fotball-VM 1994, Ski-VM 2011 osv.), får de et egennavn, og da er det rimelig å bruke stor forbokstav.

Spørsmål: Hva er riktig? *Fem gutter skulle ut å fiske* eller *fem gutter skulle ut og fiske*?

Svar: Det er *ut og fiske* som nå regnes som korrekt, siden de fleste av oss nok bare ville ha brukt sideordning med *og* om vi satte inn et bevegelsesverb og gjorde det til fortid: *Vi dro ut og fisket*.

Historisk har det vært mulig å bruke hensiktsinfinitiv i slike konstruksjoner, noe som ville ha gitt «vi dro ut å fiske» i fortid. På dansk er denne konstruksjonen fortsatt mulig (men sideordning med *og* er vanligst), og på islandsk er det nok vel så vanlig med *við fórum út að fiska* som med *við fórum út og fiskuðum*.

Spørsmål: Når kan teiknet & brukast?

Svar: Teiknet & har oppstått som ein skrivemåte av det latinske ordet *et*, som tyder 'og'. Det er faktisk ei samandraging av dei to bokstavane i ordet. Vi har ordet *et* i forkortinga *etc.*, som eigentleg er latin *et cetera*. *Cetera* er forma i inkjerkjønn fleirtal og tyder 'og anna'.

Teiknet & blir hovudsakleg brukt i firmanavn o.l. Vi rår frå å bruke det i andre samanhengar, men det er ikkje direkte gale.

Spørsmål: Hvor stammer uttrykket *på kloss hold* fra?

Svar: Dette ordet *kloss* er et adjektiv, og det står i vanlige ordbøker. Det skal komme fra engelsk, som har fått det fra latin. Det er nok det engelske *close* vi har fått det fra, og da stemmer det at *på kloss hold* er lik 'på nært hold'. Ordet *hold* betyr her 'avstand'.

Spørsmål: Eg har eit spørsmål om stor eller liten forbokstav ved namn på riksvegar og fylkesvegar. I oversynet over forkortingar på nettsidene til Språkrådet er dette forkorta til *rv.* og *fv.*, altså med små forbokstavar. For meg er det heilt opplagt at det er riktig med liten bokstav når ein berre skriv *riksveg* eller *fylkesveg*, men kva skjer dersom ein legg til eit nummer på vegen, til dømes 222? Skal ein skrive *fylkesveg 222* eller *Fylkesveg 222*? Grunnen til at eg spør, er at nummeret fører til at vi no snakkar om éin bestemt veg, og ikkje lenger det generelle omgrepet fylkesveg.

Svar: Det rette er *fylkesveg 222*, altså med liten forbokstav. Dette er snarare ei teknisk nemning enn eit særnamn.

Spørsmål: Finst det eit anna ord for *spisegjest* på nynorsk, eller kan ein bruke det ordet?

Svar: Ein har tradisjonelt ikkje vore så glad i ordet *spise* på nynorsk. *Spise* har gjerne vorte erstatta med substantivet *mat* i ein del samanhengar: *spisebord* > *matbord*, *spiseskei* > *matskei* osv. Verbet å *spise* er ikkje med i nynorske ordbøker og ordlister, men ein del samansetningar med *spise* som førsteledd er tekne inn. *Spisekrok* står i *Nynorskordboka*, og i tillegg er *spisebestikk*, *spisekart*, *spisesjokolade* og *spisevogn* med i *Nynorsk ordliste* av Alf Hellevik.

Vi rår deg til å bruke ordet *matgjest* fordi ordet alt er i bruk –

både på nynorsk og bokmål. Vi meiner at ein likevel ikkje heilt kan stengje for å bruke *spisegjest* sidan somme samansetningar med *spise* er komne med i nynorske ordbøker.

Spørsmål: Vi er en vennegjeng som har diskutert om det heter å *kjenne lusa på gangen* eller å *kjenne musa på gangen*. Finnes begge uttrykkene, og hva betyr de i så fall?

Svar: Det riktige uttrykket er å *kjenne lusa på gangen*. Dette er en gammel talemåte. Velkjente små og større dyr inngår ofte i slike talemåter, og poenget med å bruke dem er gjerne at en sammenligner mennesker med noe annet kjent. Før i tida var det vanlig å ha lus på kroppen, og det er disse dyra det er snakk om her, at en kjenner dem når en ser (eller føler) hvordan de går. Overført til mennesker er meningen at en kan vite hva en kan vente av noen, en kan kjenne igjen en viss (menneske)type. Uttrykket er negativt.

I *Bevingede ord* (Kunnskapsforlaget 1995) ser vi at uttrykket er gammelt:

«*Kjenne lusa på gangen*, ord-språk; finnes i formen *Kende sin lus på gangen*» i Sven Grundtvigs *Gamle Danske Minder i Folkemunde* (1857).

Når et ord er ført opp i denne spalten, betyr det bare at vi har registrert at det er i bruk. Det betyr ikke at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi tilrår eller rår fra å bruke ordet, nevner vi det uttrykkelig.

dialektdissing *Dialektdissing i Danmark. Fenomenet med å la dei dumme teikneseriefigurane snakka utkantdialektar er ikkje noko sær-norsk. I Danmark får den jyske dialekten gjennomgå.*

nynorsk.no 1.4.2011, jf. Aftenposten.no 31.3.2011

helårsvær/hverdagsvær *Pinsefest ved fjorden ... men nå kommer helårsværet tilbake. [...] Pinsen ble så mye bedre enn fryktet. Etter en drøm av en langhelg overtar hverdagsværet i dag. 10 grader og regn, melder Storm. 11 grader, laber bris og regn, lover Yr. Deretter skiftende værtype, ser det ut til.*

Bergens Tidende 14.6.2011

mobilparlamentarisme (1) *Mobilparlamentarisme. Regjeringen hadde ikke et eneste formelt møte om saken før 21. mars, to dager senere. Regjeringens underutvalg møttes heller ikke, men medlemmene hadde telefonisk kontakt. Stortingets utenrikskomité ble ikke innkalt før 22. mars. I Folketinget i Danmark raste Libya-debatten fredag 18. mars til langt på natt. Det var dørgende stille i det norske Stortinget. «Av praktiske årsaker» ville ikke de folkevalgte ha møte på fredag. Dagen var «møtefri». Flere andre sentrale politikere stiller nå spørsmål ved den politiske beslutningsprosessen.*

Bergens Tidende 19.4.2011

mobilparlamentarisme (2) *Mobilparlamentarisme er blitt nyordet vi*

gjørne ser forsvinne ut av språket like fort som det oppsto.

Stavanger Aftenblad 26.4.2011

planking *En ny trend på internett kalt «planking» tok søndag sitt første liv i Australia. Politiet frykter at tragedien ikke blir den siste. Planking går ut på å legge seg flatt på magen med armene mot kroppen på uvanlige og noen ganger farlige steder. Man tar bilde av situasjonen og deler det gjennom sosiale medier. De siste ukene har trenden tatt av på Facebook, og siden «Planking Australia» har nesten 60.000 medlemmer. På siden er det blitt lagt ut hundrevis av bilder av folk som ligger på togspor, i heiser, på brannhydranter, motorsykler og andre gjenstander.*

NTB-AFP, 15.5.2011

rockesjokk *Du verden. Dette er nærmest et rockesjokk fra en mann og en artist som vi er vant til søker mer melodiose popløsninger. Erlend Ropstad leverer et rockeskrik av en låt her i løpet av to minutter og 50 sekunder. Det låter heftig, produksjonen er tøff og offensiv. Det bobler og koker.*

Fædrelandsvennen 6.4.2011

rosetog *Over hele landet ble det arrangert fakkell- og rosetog og andre markeringer i løpet av gårsdagen. De neste dagene er det mulig for innbyggere i flere kommuner i Troms å vise sin deltakelse.*

Nordlys 26.7.2011



Engelsk humor på norsk

■ TEKST: MAGNHILD BRUHEIM

Norsk overlever, men det engelske språket er utdøyd. Høyrest det usannsynleg ut? Slik er i alle fall framtidsscenarioet i musikalen *We will rock you*. Heltane i stykket tar opp kampen for det døde språket, fortel Kjetil Indregard.

Indregard har omsett dialogane i den norske versjonen av musikalen, som tidlegare i år gjekk for fulle hus på Folketeatret i Oslo. Stykket er basert på musikken til gruppa Queen og er laga som ei sciencefictionhistorie om friomskamp, individualisme og musikk.

– Handlinga ligg 300 år fram i tid,

samfunnet er einsretta, rocken er den forbodne musikken, engelsk er det forbodne språket, fortel Indregard. – Hovudpersonen høyrer brotstykkje av eit språk han ikkje forstår. Saman med fleire andre i ein undergrunnsgjeng kjempar han for å vinne både rocken og engelsken tilbake.

– Så det er det engelske språket som har sympatien, ikkje det norske?

– Ja, det blir jo konklusjonen i stykket. Når heltane finn tilbake til det tapte språket, nemleg engelsk, får dei også lykka tilbake. Grunnen til det er naturlegvis at framsyninga byggjer på engelske rocketekstar.

Strengje vilkår

Å omsetja ein tekst med strengje opphavsrettar byr på utfordringar. Framsyninga er skriven av Queen-medlemmane Brian May og Roger Taylor i samarbeid med den britiske komikaren Ben Elton. Men det er eit tysk selskap som eig den europeiske turnéversjonen. Teksten var derfor på ein omfattande runde før han låg ferdig i norsk utgåve.

– Stykket er omsett frå engelsk til den tyske turnéversjonen. Den norske omsetjinga byggjer på ein engelsk versjon av turnéframsyninga. Men det tyske selskapet måtte godkjenne den norske teksten, seier Indregard.

– *Var det mykje dei ikkje kunne godkjenne?*

– Eigarane har sine klare preferansar om kva som er viktig. Når det gjeld setningsbygning, må siste ordet vera det same, og det er ikkje alltid lett å kombinere med god norsk. Til dømes setninga «This is an act of an individual». Her syntest eg språket vart tungt med ordet «individ» til slutt. Derfor prøvde eg med ei formulering på norsk som var meir munnleg. Men det vart ikkje godkjent. Eg måtte halde meg til det den tyske regissøren bestemte, sjølv om det vart stivare.

– *Men når du møter så strengje ram-*

mer, føler du da at det blir din tekst?

– Ja, eg føler eigarskap til den teksten eg har skrive. Sjølv om eg byggjer på teksten til andre, finn eg mine egne ord og formuleringar. Eg kan bruke ein matmetafor til å forklare det. Råvarene til matretten ligg klar, men det er eg som lagar maten.

Nøtter som skal knekkast

– 90 prosent av ein tekst som det eg her arbeidde med, går det greitt å omsetja. Men dei resterande ti prosentane er nøtter som må knekkast, seier Indregard.

Det originale manuset til Ben Elton har mykje engelsk humor. Tekstforfattaren

har skrive blant anna *Black Adder* og elles romanar og teatertekstar.

– Elton er ein av dei eg beundrar. Han er tørrvittig og vekslar fint

mellom det barnslege og meir seriøse, og mellom det høgverdige og det plumpe. Han er glad i ordspel, og dei er ikkje så enkle å omsetja. Engelske uttrykk som ein skal spela mykje på, finn ikkje nødvendigvis ei norsk erstatning som opnar for det same.

– *Har du døme på ei omsetjingsnøtt?*

– Ein av hovudpersonane i stykket, Scaramouche, ropar ut «it sounds like scary bush» (fryktinngytande buskas), eit uttrykk som spelar på det kvinnelige kjønnsorganet. Korleis skulle eg omsetja det? Eg brukte ei heil veke på å finne ei løysing. Til slutt enda eg opp med «skarru ha mus». Og det fungerte, seier Indregard.

– Andre språknøtter dukka opp i kjærleiksscener mellom dei to hovudpersonane. Døme på det er når den eine seier «you really know how to kick a

● ● KJETIL INDREGARD

Kjetil Indregard er regissør og manusforfattar og har omsett dialogane i den norske versjonen av musikalen *We will rock you*.

man in the balls», og den andre svarer «do you want me to kiss it better?» Den siste setninga har dobbeltyding på engelsk. Slik det er brukt her, har det seksuelle referansar, men i engelsk blir det også brukt når nokon har slått seg, «Skal eg blåse på?» Denne dobbeltydinga finst ikkje i norsk.

Heftige e-postdiskusjonar

Queen hadde si storheitstid på 70- og 80-talet, men rockebandet står sterkt også i dag. I alt 25 av dei mest berømte

– Eigentleg var fridommen større når det gjaldt songtekstane. Ein ser på innhaldet og finn fram til kva som passar. Enkelte Queen-tekstar går rett på poenget, andre har ein del jukserim. Sjølv om dei finst i originalen, får eg vondt av jukserim. Så der er det handverkaren og oppryddaren i meg som må jobbe, seier Indregard. – Eit problem er at det er fleire stavingar i norsk enn i engelsk. Dei tusen mest brukte orda i engelsk har fleire stavingar i dei tilsvarende norske orda.

● «Det var absurd at ein engelsk manusforfattar og ein tysk regissør skulle diskutere kva som var best på norsk.»

låtane deira er med i oppsetjinga. Dei fleste vart framførte i den engelske originalversjonen som folk kjenner. Det er dialogane mellom songane som vart omsette. Men nokre få songar skulle ha norsk tekst, og både den tyske regissøren og Ben Elton måtte godkjenne den norske versjonen. Dei hadde klare meiningar om kva som fungerte på norsk, så også her vart det heftig e-postkorrespondanse, fortel Indregard.

– Av og til var det absurd at ein engelsk manusforfattar og ein tysk regissør skulle diskutere kva som var best på norsk.

I ein av tekstane er uttrykket «see under an old rock» brukt. Indregard valde å bruke «lete under en gammel rokk» i den norske versjonen, sjølv om det betyr noko heilt anna. Han meinte det fungerte humoristisk på norsk, men utlendingane som skulle godkjenne omsetjinga, såg ikkje det poenget. Dei strekte seg så langt som til å godkjenne uttrykket i ein einaste replikk.

– *Var det vanskelegare å omsetja songtekstane enn dialogane?*

Norsk mentalitet

Kjetil Indregard er sjølv regissør, i tillegg til at han skriv manus til bøker, filmar og teateroppsetjingar. Omsetjinga av *We will rock you* er tilpassa norsk mentalitet og norske forhold. Indregard la inn dagsaktuelle referansar og mellom anna kjente namn frå norsk musikkliv. Opprørarane har namn etter kjendisar frå musikklivet, av dei er folk som Odd Børretzen, Bettan og Jan Fredrik Karlsen med. Han klarte også å snike inn Jocke blant dei døde heltane som blir nemnte.

– Noko av det mest morosame var å leggje inn norske referansar. Rebellane i stykket blir tatt til fange, og dei skal plukke ut ein som ikkje er rockesongar. Da får Karlsen (kjent mellom anna som Idol-dommar) beskjed om at han ikkje er med vidare, seier Indregard. – Eg klarte også å smette inn eit «fy faen, som jeg hater måker» og «noen ganger er det all right». Publikum gav tydeleg uttrykk for at dei likte det.

Også her var dei som sit med rettane, strenge med omsyn til kva som kunne

vera med. Men Indregard fekk lagt inn fleire replikkar som dei godkjente.

– Ein av personane snakkar trønderisk. Han seier ein stad: «Vet du hvorfor de ikke liker meg? Sikkert fordi jeg er trønder.» Dette er små ting, men det er slikt som slår an.

Svenskar på norsk

Ein del av artistane som var med i den norske oppsettinga, var svenske. Og svenskane er ikkje kjent for å vera så gode i norsk.

– Tyskarane hadde vanskeleg for å forstå at svenskane slit med norsk. Men dei svenske artistane kjempa tappert og

og seier dei høgt for meg sjølv. For det er vanskeleg. Mange romanforfattarar trur at dei skriv gode dialogar. Og det stemmer sikkert. Dei er gode litterært, men det betyr ikkje at dei er gode munnleg. Eg har også noko utdanning som skodespelar, det gjer det kanskje enklare. Ensemblet har i alle fall gjeve meg mykje ros for dialogane, seier Indregard.

– *Kva er du mest tilfreds med?*

– Eg er veldig godt tilfreds med fornorskinga av stykket. Det er tilfredsstillande å høyre at publikum ler på dei plassane der det er lagt inn norske referansar, og der det originale i manuset er

● «Det er tilfredsstillande å høyre at publikum ler på dei plassane der det er lagt inn norske referansar.»

klarte det godt, sjølv om ein kunne høyre den svenske aksenten. Eg prøvde å unngå ord som kunne felle dei. Eit av uttrykka som måtte forandrast, var «lallende småbarn», det var umogleg for dei å seia utan å avsløre svensken.

Musikalen er ein framtidvisjon, det handlar om ei tid med einsretting, der alle er massekonsumentar, bortsett frå undergrunnsgruppa. Menneska i dette samfunnet har ikkje lenger namn, berre e-postadresse.

– *Har det påverka språket, slik at det er eit einsretta, forenkla framtidsspråk?*

– Nei, vi bruker dagens språk, originalforfattaren Ben Elton har ikkje prøvd å laga noko nytt.

Like morosamt på norsk

Det sentrale med eit stykke som skal spelast på scenen, er at dialogane fungerer. Da må replikkane liggje godt i munnen til skodespelarane.

– Eg arbeider mykje med replikkane,

forandra til norske forhold. Poenget med å omsetja ei slik framsyning er jo at det skal fungere for eit norsk publikum. Det gjorde det, og det er gøy.

Sjølv om noko av den engelske humoren og dobbeltydinga kan seiast å gå tapt ved ei omsetjing, vinn den norske versjonen på andre område, meiner Indregard.

– Hovudoppgåva mi er å skapa noko nytt, det er ikkje berre ei omsetjing, men ei gjendikting. Eg hadde sett pris på å få friare taumar. Men trass i dei strenge krava klarte eg å gjere eit humoristisk grep som fungerte bra. Og sjølv om eg har stor respekt for det originale manuset og humoren til Ben Elton, meiner eg at den norske versjonen lykkast med å finne morosame alternativ.

Språkpolitikk på Språkdagen

■ DAG F. SIMONSEN

Språkdagen – Språkrådets årlige arrangement for å løfte fram norsk språk – arrangeres i år i Oslo 15. november. Hovedtemaet er norsk språkpolitikk, spesielt i universitets- og høyskolesektoren og i arbeids- og næringslivet.

Da St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening* ble behandlet i Stortinget våren 2009, var det for første gang på



Fra Språkdagen 2010 i Oslo Konserthus.

flere tiår at nasjonalforsamlingen diskuterte norsk språkpolitikk på et mer overordnet nivå. Med meldingen ble det vedtatt en ny språkpolitikk, der sikring av norsk som et fullverdig og samfunnsbærende språk i Norge settes opp som et hovedmål, mens den tradisjonelle spenningen mellom målformene, bokmål og nynorsk, tones ned.

På Språkdagen 2011, som Språkrådets fagråd for samfunn og høyere utdanning har ansvar for å planlegge, vil det første innlegget gi et utsyn over og en analyse av meldingen generelt og vilkårene for å gjennomføre de prioriterte tiltakene i den på en god måte. Her er en representant for Kulturdepartementet invitert til å komme med et tilsvarende.

Deretter skal to viktige problemstillinger innenfor forskning og høyere

utdanning tas opp. Det vil for det første handle om hvorvidt det gjeldende systemet for registrering av forskningspublisering, polemisk kalt tellekantsystemet, skader norsk som vitenskapelig språk, og for det andre om valg av pensum på norsk og engelsk og situasjonen for norskspråklige lærebøker i høyere utdanning. Her blir det innlegg ved forskere og kommentarer fra praktikere og dessuten en paneldebatt der blant annet den politiske ledelsen i Kunnskapsdepartementet er invitert til å delta.

Det siste punktet som gjelder språkpolitikk, skal handle om det mangesidige temaet språk i næringslivet og arbeidslivet – engelsk og norsk i konsern og bedrifter, norsk, engelsk og andre språk på arbeidsplassene, språk og arbeidsmiljø osv. Her holdes det korte innlegg både fra en næringslivsleder og fra en forsker som har kartlagt forholdene på tre flerkulturelle arbeidsplasser. Denne delen avrundes med en sofasamtale om problemer og løsninger med deltakelse fra så vel arbeidsgiver- og arbeidstakersiden som fra politisk hold.

Det blir også kulturelle innslag og utdeling av Språkprisen for 2011. For påmelding, følg med på Språkrådets nettsider.

.....

Dag F. Simonsen er seniorrådgiver i Språkrådet og sekretær for fagrådet for samfunn og høyere utdanning.

Ny språkpolitisk statusrapport

Norge bør bruke formannskapet i Nordisk ministerråd i 2012 til å styrke det nordiske språksamarbeidet. Det er en av konklusjonene i Språkrådets rapport *Språkstatus 2011*.

Språkstatus 2011 er den andre språkpolitiske statusrapporten fra Språkrådet. Rapporten er en del av oppfølgingen av stortingsmeldingen *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, som Stortinget behandlet i 2009. Kulturdepartementet skal hvert fjerde år legge fram en melding om språk for Stortinget, som skal bygge på de årlige rapportene fra Språkrådet.

Språkstatus 2011 viser blant annet dette:

- Vitenskapelig publisering på norsk øker i absolutte tall, men taper relativt sett terreng sammenliknet med publisering på engelsk.
- Nynorskbruken går tilbake i fem av sju NRK-kanaler.
- Wikipedia på norsk får stadig flere artikler på både bokmål og nynorsk, men nynorsken står relativt sett svakere nå enn før.
- Halvparten av kommunene med nynorsk som målvedtak får sjelden eller aldri skriv fra staten på nynorsk.

Nynorsk ikke reelt likestilt

Språkstatus 2011 belyser nynorskens stilling på flere samfunnsområder. «Nynorsk er fortsatt ikke reelt likestilt med bokmål. Det er positivt at rammevilkårene for nynorskinstitusjoner øker, og at Vinjefondet er opprettet. Den tverrsektorielle politikken for å styrke nynorsk, som ble lansert med *Mål og mening*, kan likevel ikke bli realisert før alle departementer viser større vilje til

å fremme bruken av nynorsk», heter det i rapporten.

Etterlyser nordisk samarbeid

I rapporten konstaterer Språkrådet at det har kommet viktige initiativer for å styrke det nordiske språksamarbeidet, men ber offentlige aktører om å samarbeide bedre for å snu utviklingen som i dag går i retning av minkende nordisk språkforståelse. «Norge bør benytte formannskapet i Nordisk ministerråd i 2012 til å styrke det nordiske språksamarbeidet», skriver Språkrådet i rapporten.

Tiltak på alle områder

Gjennom behandlingen av *Mål og mening* slo Stortinget fast at språkpolitikken skal være sektorovergripende, det vil si at den forutsetter tiltak på alle samfunnsområder. I *Språkstatus 2011* blir det poengtert at det i all hovedsak er Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet som driver språkpolitikk, slik det også var før *Mål og mening*.

– Det fremste unntaket er Fornyingsdepartementet. Med prosjektet «Klart språk i staten» tar departementet ansvar på en forbilledlig måte. Departementet har også tatt med språkkrav i den statlige kommunikasjonspolitikken. Hvis ikke også de øvrige departementene setter i verk tiltak, blir det vanskelig å gjennomføre det Stortinget ba om: en sektorovergripende politikk, sier Arnfinn Muruvik Vonen, direktør i Språkrådet.

Du kan laste ned *Språkstatus 2011* fra nettsidene til Språkrådet.

Språkrådet er no på Facebook og Twitter!

I september lanserte Språkrådet Facebook-side og Twitter-profil. Dersom du blir tilhengjar av Facebook-sida vår, får du aktuelle nyheiter frå oss, og du kan diskutera med andre språkinteresserte. Dersom du følgjer oss på Twitter, kan du stilla spørsmål og få med deg kva andre lurar på.

Bakgrunnen for at du no finn Språkrådet i sosiale medium som Facebook og Twitter, er dei prioriterte arbeidsformene i den overordna strategien for arbeidet vårt: meir samfunnskontakt, meir éin-til-mange-rådgeving og meir publikumstilgjengeleg hjelp. I tillegg til å informera og opplysa skal Språkrådet kommunisera i vid forstand, noko to-

vegskommunikasjonen i sosiale medium gir rom for.

For å finna oss på Facebook og Twitter går du til startside vår på www.sprakradet.no. I høgrespalta er det snarvegar til både Facebook-sida og Twitter-profilen vår.



Språkrådets terminologitjeneste gir ut nyhetsbrev

Språkrådets terminologitjeneste publiserte første utgave av *Termposten* i begynnelsen av september. Nyhetsbrevet informerer om hva som skjer på terminologifronten i Norge og andre steder, og vil inneholde aktuelt stoff for alle som arbeider med eller interesserer

seg for terminologi. Nyhetsbrevet skal komme ut tre ganger i året. De som ønsker å abonnere på *Termposten*, kan sende en e-post til term@sprakradet.no med «Abonnement nyhetsbrev» i emnefeltet.

SPRÅKDAGEN 2011: NORSK SPRÅKPOLITIKK

Språkrådet inviterer til sin årlige språkkonferanse 15. november, denne gang i Oslo Konserthus. Det er Språkrådets fagråd for samfunn og høyere utdanning som er ansvarlig for programmet. Du kan lese mer om Språkdagen i artikkelen på side 10 i dette bladet.

Arrangementet er gratis, med påmeldingsfrist 1. november. Du finner påmeldingsskjema og oppdatert informasjon på Språkrådets nettsider.

Diplom for godt navnevett

Språkrådet skal igjen dele ut diplomer til bedrifter og foretak som har valgt gode norske navn. Vi ber om tips på verdige kandidater og setter spesielt pris på navn med dobbelt betydning, navn som er litt underfundige eller poetiske, navn med lokal tradisjon, og gjerne navn som fremkaller smil og latter.

Eksempler på foretak som har fått diplom: Perlevenner, Den Kule Mage, Tanngarden, Kreative Typer, Det lille under, Rens på flekken, Gira Trafikk-skole, Nordvestmassasjen. Forslag kan sendes til post@sprakradet.no. Se også nettsidene våre.

Nysgjerrigers språkpris

Er du lærar i barneskulen, eller kjenner du ein lærar? Har du elevar som lurer på ymse saker og vil finne svar? Då er Årets nysgjerriger løysinga. Årets nysgjerriger er ein konkurranse for elevar i barneskulen, og alle deltakarane får premie.

Språkrådet lanserer i år Nysgjerrigers språkpris. Prisen blir delt ut av Språkrådet i samarbeid med Årets nysgjerriger. Nysgjerrigers språkpris går til eit prosjekt der forskingstemaet er eit språkleg emne. Les meir om Nysgjerrigers språkpris på www.sprakradet.no og www.nysgjerriger.no.

Nytt på nettsidene

Liste over fagordbøker

Gjennom åra er det gitt ut ei rad norske fagordbøker, og det er ikkje alltid lett å vite kva som finst. No får du hjelp av terminologitenesta, som har laga ei oversikt over fagordbøker som er gitt ut i Noreg.

Datatermliste

Saknar du norske alternativ til engelske dataord? Resultata frå dei første diskusjonsrundane til Språkrådets datatermgruppe er no offentleggjorde, og på nettsidene til Språkrådet finn du forslag til norske datatermar.

Termlister og termbasar

Terminologitenesta har samla lenkjer til ein del norske, nordiske og internasjonale termlister og termbasar. Vi gjer merksam på at Språkrådet ikkje har vurdert den språklege kvaliteten på desse listene og basane. Vi tek heller ikkje ansvar for innhald på eksterne nettsider som det er lenkje til.

Sjå <http://www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak>.

Historisk ansettelse — tegnspråkrådgiver i Språkrådet

■ SVEIN ARNE ORVIK

For første gang har Språkrådet ansatt en rådgiver i tegnspråk. I september begynte Sonja Myhre Holten i den nyopprettede stillingen.

– At denne stillingen blir opprettet, er et viktig praktisk steg for å styrke stillingen til norsk tegnspråk i samfunnet.

Vi er svært glade for å få Sonja Myhre Holten med på laget, uttalte fungerende direktør Karl Henrik Steinholt i mai.

Myhre Holten mener at noe av det viktigste Språkrådet kan gjøre, er å arbeide med holdningene til tegnspråk i samfunnet.

– Det finnes mange seig-livede myter om tegnspråk og døve. Mange tror at tegnspråket vi bruker i Norge, er et internasjonalt språk, men det stemmer ikke. Det er et norsk språk, med geografiske og sosiale varianter, sier Myhre Holten.

Hun peker også på at Språkrådet bør informere om hvor-

dan norsk tegnspråk skal omtales.

– Det heter for eksempel ikke *døvespråk*, selv om mange bruker det ordet. Norsk tegnspråk har 15 000 brukere, og mange av dem er hørende mennesker som har norsk tegnspråk som sitt førstepråk.

Høyere status

Stillingen er opprettet som en følge av at storting og regjering har gitt norsk tegnspråk høyere offisiell status. Med

stortingsmeldingen *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* ble norsk tegnspråk anerkjent som et fullverdig språk. Meldingen varslet at Språkrådets språkpolitiske ansvar skulle utvides til å gjelde mer enn bokmål og nynorsk. På grunnlag av dette har Språkrådet fått midler til å ansette en rådgiver i tegnspråk.

Sonja Myhre Holten kommer fra en stilling som seniorrådgiver ved Skådalen kompetansesenter. Hun er utdannet språkviter med mastergrad i tegnspråk, allmennlærer med første avdeling spesialpedagogikk og tegnspråklærer.

Rådgivning og samarbeid

Målet med stillingen er å styrke bruken av tegnspråk i samfunnet. En viktig arbeidsoppgave blir å utvikle samarbeid med institusjoner og interesseorganisasjoner som arbeider med tegnspråk. Rådgiveren skal innhente relevant kunnskap om bruken av og statusen til norsk tegnspråk. Det vil også være en sentral oppgave å informere om og på tegnspråk. Rådgiveren skal gi råd om bruk av tegnspråk til det offentlige og til private, svare på spørsmål fra publikum og informere om tegnspråkbrukeres språklige rettigheter.



Sonja Myhre Holten.
Foto: Døves Tidsskrift

I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

IKKJE BERRE KORT OG GODT?

Somme har i haust følgd ein seksåring til skolen. Med dette følger det òg møte med skolen for foreldra, og ein skjønar at ein må setja seg inn i eit nytt sett med bokstavforkortingar. Vi får høyra om PPT, blir bedne om å sitja i FAU, men kan òg få veta at den håpefulle har begynt på ein AI-skole der dei arbeider med ART.

Denne gongen vil vi altså ta opp emnet bokstavforkortingar, jamvel om mange av dei i utgangspunktet står for heilt vanlege ord. Med forkortingar kan vi spare både tid og plass, og på ein arbeidsplass vil truleg dei fleste kjenna til dei formene som er i bruk på huset. Men når ein skal venda seg til andre, kan desse forkortingane verka som tilslørande kodar.

Stort utval av forkortingar

Det tek ikkje så lang tid før ein får med seg at FAU står for *foreldrearbeidsutvalet*, og da har ein lært seg at U i skole-samanheng gjerne er utval. Den inn-sikta kjem godt med når ein seinare kan støyta på både SU, SMU og KFU (høvesvis *samarbeidsutvalet*, *skolemiljøutvalet* og det *kommunale foreldreutvalet*). Når det gjeld PPT, kan ein kanskje tenkja seg til at den eine p-en har noko med *ped-* å gjera, og heilt rett: Det fulle namnet er *pedagogisk-psykologisk teneste*.

Kan vi unngå å bruka desse forkortingane som tvingar mange til å gjeta på kva vi siktar til? Vi føreslår for det første å bruka det fulle namnet oftast

råd. Forkortinga høyrer heime i skjema og liknande, der det er trøngt om plassen, men jamt over ikkje i vanlege tekstar og i tale. For det andre bør vi velja namn som ikkje er så krunglete at dei tryglar om å bli forkorta. Til dømes kan *pedagogisk-psykologisk teneste* vera ei utfordring for tunga.

Tilslørande metodenamn?

Det viser seg at ein AI-skole følger prinsippa i *appreciative inquiry*. Det er ein metode for utviklingsarbeid, der ein skal sjå etter kva som verkar godt ved ein arbeidsplass, før ein finn ut kva som kan gjerast betre. På språk som spansk og portugisisk har dei funni eigne namn på denne metoden, og vi meiner det ville vera det beste på norsk òg. Vi trur *verdsetjande undersøking* kunne vera godt dekkjande.

I ein del kommunar skal elevane følgja ART, og ungane kan få t-skjorter der det står «ART, så klart». Men sjølve ordet ART verkar alt anna enn klart, sjølv om det handlar om å arta seg vel. Ingen av ungane synest veta at bokstavane står for *aggression replacement training*. Dette kunne vi ha omsett til noko slikt som *sinnemeistring*, men ein brukar visst metoden meir allment til opplæring i å omgåast andre, (*sosial*) *omgangssøving*.

.....

Daniel G. Ims er rådgjevar i Språkrådet.

ORD BLIR IKKJE FATTIGE i dagar som desse. Tvert imot. Ord blir rike. Fortetta.

Vi ryddar grunnen med ord. Vi finn meining og trøyst, lindring og håp i poetiske uttrykk. Får sett ord på sorg og fortvilelse. Også i høgstemte dikt som har lege der i ein dåm av klingklang med sine store og blømande ord. Som Nordahl Griegs leilighetsdikt til Studentersamfundet i 1936. Det har overlevd alt – også krigsminister Faremos misbruk.

I begynnelsen er orda. Ord finn leilighet når tid og stad høver. Store ord blir rette ord til rett tid. Då gjenoppstår dei og får nytt liv:

Krig er forakt for liv.

Fred er å skape.

Kast dine krefter inn.

Døden skal tape.

Det tar tid før vi finn ord for det som er hjerteskerande å gripa og tungt å bera. Og når vi finn orda, er dei ofte enkle. Ord vi elles ikkje bruker. Adjektiv som kan kjennast klamme i vanlige tider. Som pinlige klisjear. Men dei kjem til oss, og vi til dei. [...]

I desse dagar er orda fylte av meining. Ord er språkhandlingar. Og dei er byggesteinar til noe som kan gagna oss. Dersom me klarer å gjera ord og haldningar til handling.

Andreas Hompland i kommentar i
Dagbladet 29.7.2011

SELV SPRÅKET volder oss hodebry når katastrofen rammer oss med en slik kraft. Hvilke ord er sterke nok? Ingen, selvfølgelig – fordi vi må bruke de samme ordene som vi har brukt mange ganger før, om langt mindre alvorlige

ting. Det kan føles frustrerende – nesten uverdigg – ikke å ha et vokabular som matcher alvoret. Selvbekreftelsen er nærliggende når du allerede på dag tre føler deg banal i omtalen av den verste forbrytelsen i Norge etter andre verdenskrig.

Geir Ramnefjell i kommentar i Dagbladet
26.7.2011

I FORRIGE MORGENBLADET fortalte Terje Sjøggestad, direktør for Utlendingsnemnda (UNE), at han drømte om en rolig samtale. Den kunne begynt her, med navnet: UNE. Det er ikke en forkortelse, men et egennavn, som skal skrives med store bokstaver. En språklig og typografisk genistrek i seg selv, og mer raffinert blir det av at utlendingsmyndighetene simpelthen har ekspropriert et allerede etablert navn for menn og kvinner. Navnet Une kommer av det norrøne Una, som betyr «trives, være fornøyd med». I folketellingen fra 1801 bar 11 navnet, da i formen Unne. I 1997 ble ti jenter døpt Une, men siden UNEs opprettelse i 2001 har pilene pekt nedover for navnet. I 2005 kom fire nye Uner, i 2006 ingen. De som syntes de ikke hadde nok å bebreide UNE for fra før, kan med andre ord tilføye nok et punkt på listen: å ha satt spikeren i kisten for et navn med røtter tilbake til norrøn tid.

Notis i Morgenbladet 1.4.2011

Vi forbeholder oss skrivefeil.

Sunkost Bekkestua i annonse i Asker og
Bærums Budstikke

SEMINAR:

Norskfaget under lupa

Læreplanen i norsk skal endrast, og norskfaget er igjen under debatt. Språkrådet og Utdanningsforbundet inviterer norsk lærarar til seminar i Oslo 7. november.

PROGRAM:

- Eit heilskapleg norskfag v/Ove Eide, leiar for fagrådet for skole og offentlig forvaltning i Språkrådet
- Utfordringar i norskfaget v/Bente Aamotsbakken, Høgskolen i Vestfold
- Grunnleggjande ferdigheiter v/Ingrid Metliaas, Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning
- Læreplanen som «verneplan» v/Torill Steinfeld, Universitetet i Oslo
- Det nordiske perspektivet v/Bodil Aurstad, Nordisk språkkordinasjon, København
- Språklege minstekrav og sidemålet sin plass i skolen v/Synnøve Matre, Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning
- Elevperspektivet v/Andreas Borud, leiar i Elevorganisasjonen
- Diskusjon

Språkrådet fekk hausten 2010 gjort ei undersøking blant norsk-lærarane, og resultatene viser at lærarane si haldning til sentrale emne samsvarer eintydig med graden av kompetanse: Dei som er negative til emne som undervisning i sidemål og nabo språk, oppgir at dei har liten eller ingen kompetanse i å undervise i desse fagområda.

Praktisk informasjon og påmelding til seminaret finn ein på nettsidene til Utdanningsforbundet.

Vel møtt!

Utover hausten vil Språkrådet åleine eller saman med andre arrangere andre diskusjonsmøte og seminar om same tema andre stader i landet. Følg med på nettsidene til Språkrådet: www.sprakradet.no.



Nynorsknorma – slik blir ho

■ MARIT HOVDENAK

Frå 1. august 2012 blir den offisielle rettskrivinga for nynorsk endra. Kulturdepartementet har nyleg godkjent eit framlegg frå Språkrådet til ny norm. Innstillinga *Ny rettskriving for 2000-talet* var klar 1. april i år.

Innstillinga er laga av ei nemnd som frå januar 2010 arbeidde med eit omfattande mandat frå styret. Første punktet var at den nye norma skulle bli «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer». Det viktigaste prinsipielt nye er dermed at det skal vere berre hovudformer, ingen sideformer (klammeformer) lenger. Når Kulturde-

bygde på tidlegare utgreiingar og på ny kunnskap om faktisk språkbruk. Den nye rettskrivinga skal vere lett å kjenne att, for nemnda har prøvd å velje ut dei formene i gjeldande rettskriving som har festa seg i språkbruken.

Styret kommenterte at rettskrivinga blir enklare, på mange punkt tydelegare, men ikkje så mykje strammare. Leiaren

-
- «Revisjonsarbeidet skulle gå føre seg som ein open prosess, i dialog med språkbrukarane.»

partementet no godkjenner framlegget, får nynorsk såleis ei tilsvarande reform i 2012 som bokmål fekk i 2005.

Ein føresetnad for revisjonsarbeidet var at det skulle gå føre seg som ein open prosess, i dialog med språkbrukarane. Rettskrivingsnemnda hadde eigne nettsider med alle sakspapir og møtereferat, og det var eit diskusjonsforum på nettet. Nemnda hadde kontaktmøte med mange institusjonar og brukarmiljø, og det var ei open høyring om saka i februar i år. Det viste seg tidleg at mange ønskte ei innstramming i norma, men at det ikkje var semje om kvar det skulle kuttast.

Vurderingar

Etter mandatet var det mange omsyn å ta og mange faktorar som skulle balanserast i den nye norma: Kva er ei enkel norm? Er det enkelt at kvart ord berre har éin skrivemåte, eller er det enklast å kunne velje mellom to skrivemåtar? Kven skal ein tenkje mest på, dei som skal lære nynorsk, anten som hovudmål eller som sidemål, eller dei som alt skriv nynorsk? Utbreiing i skrift og tale og skriftspråkstradisjon i nynorsk var faktorar som vart vurderte, og arbeidet

for nemnda, Grete Riise, poengterte at innstillinga var eit kompromiss, eit resultat av grundige diskusjonar og motstridande argument.

Rettskrivingsreformer for nynorsk

- 1901: den første offisielle rettskrivinga for nynorsk, bygd på normalen til Ivar Aasen
- 1910: nokre endringar i 1901-rettskrivinga
- 1917-rettskrivinga (også for bokmål)
- 1938-rettskrivinga (også for bokmål)
- 1959: Læreboknormalen av 1959 (også for bokmål)
- 1980- og 1990-åra: nokre mindre omfattande endringar i nynorsknorma

Endra skrivemåtar

Nemnda har særleg vurdert dei punkta i rettskrivinga der det er valfridom i dag. På mange punkt har ho stroke valfrie former slik at berre éi står att, som for orda *no* og *berre*, der dei noverande sideformene *nå* og *bare* skal ut. For or-

det *da/då* blir begge variantane ståande. *Anten/enten* blir òg valfritt, den siste forma blir dermed oppgradert frå sideform til vanleg rettskrivingsform.

Ord med vokalveksling skal anten ha valfrie former, som *syster/søster* (og mange andre med *y/ø*), *lys/ljos*, *skule/skole*, mens andre får berre éi form: *seter* (*sæter* går ut), *leppe* (*lippe* går ut), *framand* (*fremmend* går ut). Elles står formene *mog(e)leg* att, utan *muleg* (adjektivendinga *-lig* går generelt ut).

Mange former med diftong blir no obligatoriske. Før kunne dei valfritt skrivast med monoftong: *draum*, *straum*, *høyre*, *køyre*, *døy*, *trøytt*, *tøy*, *peike* (*drøm* osb. går ut). Nokre valfrie par blir ståande att: *jau/jo*, *lauk/løk* ofl.

Ord med valfri dobbelkonsonant i dag beheld i stor grad valfridommen, t.d. *kjøk(k)en*, *kom(m)e*, *ungdom(m)en*, *løn(n)*; somme får eineform, *nett*, *kopar* ofl.

Ei endring som gjeld mange ord, er at *j*-en blir valfri i mange verb og ho-

-er, -ene som blir førte vidare (*jenter – jentene*), endingane *-or*, *-one* går ut.

Før substantiv elles gjeld endringane mindre grupper av ord. Hankjønnsord av typen *gjest*, *venn* og hokjønnsord av typen *helg*, *elv* får begge valfrie fleirtalsendingar *-er/-ar*, og dei tre orda *auge*, *hjarde* og *øyre* kan følgje to bøyingsmønster som no, (*alle*) *auga* eller (*alle*) *augo*. Ord som *mønster* og ein del framandord som *leksikon* får i større grad enn no regelrett bøyning.

Nemnda har ikkje gått inn på kjønnet på substantiv generelt, men ein del ord som *eigarskap* og *medlemskap* blir valfritt hankjønns- eller inkjekjønnsord.

Verb

I gjeldande rettskriving kan ein velje mellom a-infinitiv, e-infinitiv og kløyvd infinitiv. Kløyvd infinitiv er sideform. Etter innstillinga skal ein framleis fritt kunne bruke anten a-infinitiv eller e-infinitiv. Det har vore mykje diskusjon

- «Nemnda har særleg vurdert dei punkta i rettskrivinga der det er valfridom i dag.»

kjønnsord, t.d. *leggje* eller *legge*, *rekkje* eller *rekke*. Her er det skrivemåten med *j* som har den lengste tradisjonen i nynorsk, mens t.d. *legge* kom inn som sideform.

Viktige endringar i formverket

Substantiv

I bøyninga av ord er det viktigaste prinsipielle at *i*-målet går ut. Det har no status som sideform, t.d. *døri*, *fjelli*. Berre den gjeldande hovudforma skal brukast framover: *døra*, *fjella*. For svake hokjønnsord er det hovudformene på

om den kløyvde infinitiven skulle gå ut eller ikkje, men resultatet vart at han framleis skal vere tillaten etter visse reglar. Kløyvd infinitiv vil seie at verba har ulik infinitivsending fordi strukturen i eldre språk gjer at dei har utvikla seg ulikt, slik at ein i same teksta kan bruke *å skrive* og *å lesa*.

Det skal heite berre *har vore* og *har funne*, dei noverande jamstilte formene *vori* og *funni* går ut. Refleksiv- og passivendinga *-st* skal bli eineform, slik at *å finnast* – *finst* blir eineformer, mens sideformene *finnas* og *fins* går ut. Dei

lange presensformene av sterke verb, som *biter* og *kjemer*, går òg ut, hovudformene *bit* og *kjem* står att. Desse sideformene har vore nokså lite brukte.

Eit vanskeleg punkt i rettskrivinga er preteritumsformene av svake verb som *selje* (j-verb) og *føre* (e-verb). Her er det no stor valfridom, men framlegget går ut på å fjerne ein del former, slik at j-verb får t.d. *selde*, *talde* og *spurde* som eineformer i preteritum, noverande sideformer på *-te* går ut. Likeins blir *nemnde*, *sende*, *køynde* og *ringde* eineformer med *-de*, og *lærte* og *førte* blir eineformer med *-te*. Berre verb som *skremme* og *brenne*, med stammeutgang på m(m) og nn, skal ha valfritt *-de* eller *-te*. For dei fleste verba er bøyinga uendra, jf. former som *opererte*, *kjøpte*, *viste*. Innstramma i preteritum får følgjer for samsvarsbøyinga av perfektum partisipp, som òg får færre former.

Andre ordklassar

Adjektiv som *open* (og *hoven*, *gyllen* osv.) får inkjekjønnsform *ope* eller *opent*, den siste gjeld no som sideform berre. Av pronomena er det særleg formene *de* – *dykk* som har vore omdiskuterte. Mange meistarar ikkje skiljet mellom subjekts- og objektsform, eller dei kjenner desse formene som framande, m.a. fordi det er så stor variasjon i formene i dialektane (*dokk(er)*, *deko* osv.). Difor har rettskrivingsnemnda innført forma *dokker* i begge posisjonar som eit heilt nytt alternativ (dvs. «Slo dokker dokker?» ved sida av «Slo de dykk?»). Elles blir *hennar* og *noko(n)* eineformer. Dei noverande sideformene *hennes* og *noe(n)* går ut.

Ei tilrådd norm frå Språkrådet?

Styret i Språkrådet har vurdert norm-situasjonen for nynorsk og komme til

at mange nynorsksbrukarar vil ha nytte av eit tilbod om ei tilrådd norm som er trongare enn den 2012-normalen som innstillinga legg opp til. Ei slik tilrådd



norm skal ikkje vere obligatorisk for nokon, og skal lagast som ei lett tilgjengeleg «tilbodspakke». Dette framlegget om Språkrådets tilrådde norm skal òg departementet ta stilling til.

Følg med på nettsidene til Språkrådet for å få oppdatert informasjon.

.....
Marit Hovdenak er seniorrådgjevar i Språkrådet.

Namn til å få forstand av?

■ EILOV RUNNESTØ

Språkrådet får ofte spørsmål om hjelp til skrivemåten av namn på institusjonar, etatar og firma. Men kva med sjølve namnet? Er det dekkjande, forståeleg og såleis brukarvenleg?

I 2003 tok ein arbeidar i Vegproduksjon AS opp med Språkrådet at arbeidsstaden hans heretter skulle heita MESTA. Arbeidarane var i harnisk over dette namnet, som ikkje sa noko som helst, det vil seia i innringjaren sin dialekt tydde *mesta* 'mista'. I andre dialektar kan det tyda 'nesten'. Ein av sjefane skulle ha sagt at det kom av verbet *mestre*. Innringjaren undra seg over at ein konsulent hadde fått ein halv million for å få til ein slik konklusjon.

Eit namn er eit namn

Ein treng ikkje vita kva eit personnamn tyder for å bruka det. Då er det noko anna med namn på bedrifter og etatar. Folk vil leita etter meining i orda som er sette saman. Finn me det i Agenda Kaupang, til dømes? *Agenda* står for 'dagsorden', *kaupang* er eit gammalt ord for 'kjøpstad, by'. Det skal både velvilje og ikkje minst fantasi til for å skjønna at dette er «et norsk konsultentselskap som tilbyr utrednings- og utviklingsbistand innen ledelsesutvikling, organisasjonsutvikling, styring og samfunnsanalyse».

I eit brev frå Kulturdepartementet til Språkrådet stod det slik om namnet Human Relations på løns- og personalavdelinga i Bergen kommune: «Slik navnebruk er uheldig og bør ikke fore-

komme innenfor det offentlige. Det står i skarp kontrast til hovedlinjene i den språkpolitikken som regjeringen har trukket opp i den omfattende språkmeldingen [...] *Mål og meining – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. [...] Det er likevel ingen regler som direkte forbyr slik navnebruk [...]»

Veolia Miljø – Norsk Gjenvinning

Veolia Miljø, Mesta og Human Relations opnar for at tungt forståelege namn blir norma. Slik legg lett eit tilslørande preg over namn, og folk flest, som ofte har meir praktisk gangsyn enn dei som konstruerer slike rariteter, kjenner seg brydde ved å måtta bruka dei. Kva får ein til dømes ut av å lesa i lokalavisa om ScanArc Plasma Technologies AB eller Valeas Recycling Solutions AB?

Men i vår kom gladmeldinga om at Veolia Miljø skulle ta att det gamle namnet sitt, Norsk Gjenvinning. Det er eit handslag til brukarane, som dermed både kan forstå og trygt bruka namnet. Det er vesentleg i all kommunikasjon.

.....

Eilov Runnestø er rådgjevar i Språkrådet.



Norsk Gjenvinning vart først til Veolia – og så til Norsk Gjenvinning att.

Språkarbeid hos UKA

■ ADA LINNÉA BORGWARDT

Norges største kulturfestival har skjønnet hvor viktig det er med godt språk. UKA-11 i Trondheim har derfor en egen språkansvarlig.

UKA startet i 1917 som en ukelang studentrevy og har siden vokst seg større og større. I dag inneholder Norges største kulturfestival tre uker med revy, teater, konserter med artister i verdensklasse og kurs og arrangementer innen litteratur, kunst, sport, mote og reise. UKA-11 går av stabelen i Trondheim 6.–30. oktober.

Viktig med godt språk

Hele UKA-organisasjonen er bygget opp av studenter. Rundt 1400 frivillige UKE-funksjonærer er rekruttert fra studentmiljøene i Trondheim for å sørge for at alt går smertefritt for seg før og under UKA. De gjør alt fra å kjøre busser til å kommunisere med agentene til de store artistene. Festivalen er sånn sett antakelig Norges største dugnad. For UKA er det viktig å fremstå så seriøs og profesjonell som mulig. Her er godt språk et nøkkelpunkt. Både i kontakten med næringsliv, artistenes agenter, media og potensielle festivaldeltakere er ofte språket den faktoren som skiller mellom et godt og et dårlig inntrykk. UKA har derfor hatt en egen språkansvarlig siden 2005. I år er det biologistudent Thomas Ray Haaland (20) som har ansvaret.

– Jeg er godt over gjennomsnittet språkinteressert, men har egentlig lite erfaring med å jobbe med språk, forteller han. – Det er mange utfordringer underveis, men det gjør det bare spennende. Det er spesielt gøy siden jeg stu-

derer noe helt annet enn språk og har savnet å kunne være litt språknerd.

UKA gir ut flere store publikasjoner, blant annet UKAvisa, som distribueres til alle Adresseavisens lesere, og selve UKE-programmet, med alt av informasjon om festivalen. De skal leses av titusener av lesere og bør derfor være skrevet på et plettfritt språk. Haaland og hans medarbeidere sørger for flere runder med språkvask. Og siden UKA tar mål av seg til å føre et konsekvent språk i alle deler av organisasjonen, har Haaland utarbeidet en egen språkprofil.

Hele UKAs språkhjelper

Haaland gir også svar på spørsmål fra UKE-funksjonærene.

– Slik får jeg et bedre innblikk i det som skjer i alle de 30 gjengene i UKE-organisasjonen, sier han. – En dag måtte jeg for eksempel kvalitetssikre UKE-menyen fra Restaurantgjengen, en markedsundersøkelse Næringslivsgjengen ville sende ut til bedrifter i Trondheim, samt en invitasjon til kongeparet til premieren på UKE-revyen. Det sier seg selv at vi ikke kan ha dårlig språk i slike tekster.

.....

Ada Linnéa Borgwardt (21) er redaktør for UKA-11 og studerer psykologi ved NTNU i Trondheim.

«Ja, jæi la an på å tåå oppdaling, ja.»

Dialektbruk blant voksne innvandrere i Oppdal

■ RIKKE VAN OMMERN

En ny sosiolingvistisk masteravhandling undersøker hva som skjer når innvandrere og nordmenn blir sambygdinge, og når norsk som andrespråk møter en lokal dialekt.

I 2010 leverte jeg en masteroppgave i nordisk språkvitenskap ved NTNU om individuelle språkvalg blant voksne innvandrere. Jeg har undersøkt graden av dialektbruk versus bruken av standardformer hos seks voksne innvandrere i Oppdal kommune i Sør-Trøndelag. Med «standard» viser jeg her til et tale-mål som ligger nær opp til bokmål og dialektene i Sørøst-Norge. Jeg har også undersøkt hvilke holdninger innfødte oppdalinge har til dialektbruk hos innvandrere. Jeg har intervjuet seks voksne innvandrere, flere oppdalinge mellom 15 og 67 år og gjort en spørreundersøkelse i den videregående skolen i kommunen. Innvandrerne har alle bodd i Oppdal i mer enn 15 år.

Det er store forskjeller på hvor mange dialektformer innvandrerne i undersøkelsen bruker, og ingen av «dialektbrukerne» blant dem er helt konsekvente i sin bruk av de dialekttrekkene jeg så etter. Jeg har blant annet undersøkt om innvandrerne bruker de «oppdalske» pronomenerne *e*, *åss* og *dæmm* for henholdsvis «jeg», «vi/oss» og «de/dem», om de bruker nektingsadverbet

itt, om de palataliserer, og om de har innslag av apokope. På den måten var det mulig å antyde *i hvor stor grad* informantenes norsk er preget av oppdalsmål.

Språkvalg?

Informanten «Helena», opprinnelig fra Nederland, hadde opparbeidet seg gode ferdigheter i norsk på egen hånd før hun flyttet til Oppdal. Da snakket hun standardnært. Men hun gikk aktivt inn for å tilegne seg oppdalsdialekten da hun flyttet til bygda. Dette kommer til uttrykk i sitatet i overskriften til denne artikkelen, som er hentet fra intervjuet med Helena. Hun forklarer sin strategi med at hun hadde et ønske om å høre til og «gli inn». Hun forteller også at hun i senere tid har beveget seg i retning av standard igjen. Dette forklarer hun med at hun er mindre orientert mot den lokale gruppen nå enn tidligere, og at det har blitt mindre viktig for henne å signalisere tilhørighet til denne gruppen gjennom sin språklige praksis.

Helena er et interessant og illustrerende tilfelle: Undersøkelsen gir holde-

punkter for å hevde at informantene *velger* språklige praksisformer. De informantene som har sterke innslag av oppdalsmål, viser både gjennom utsagn og praksis at dialektformene ikke er de eneste de har tilgjengelig. De to informantene som snakker mest standardnært, har også fått nok innputt til å *forstå* oppdalsmål. I deres tilfelle har likevel ikke dialektal innputt resultert i dialektpreget tale. Når det gjelder holdninger, synes de å ha hatt det samme utgangspunktet for å ta til seg trekk fra den lokale dialekten, for det er ingen av informantene som har direkte negative holdninger til språklig variasjon i og for seg. Mange er av den oppfatning at innvandrere som lærer norsk på kurs, fra skrevet og/eller talt bokmål, utvikler et talemål som er nært bokmål, mens innvandrere som selv skaper et system ut

preget norsk. De av innvandrerne som har vært mest orientert mot lokalmiljøet, snakker med størst innslag av oppdalsmål i dag. Det kan på den ene siden skyldes at de har tilbrakt mest tid sammen med oppdalingene og derfor har hatt størst forutsetninger for å tilegne seg trekk fra deres talemål. Det kan også tenkes at deres orientering mot lokalmiljøet sier noe om at de har større motivasjon enn andre til å søke språklig likhet med denne gruppen. Dette kan ha påvirket språkvalgene deres.

Begrepet stil har i senere tid blitt brukt i beskrivelser og forklaringer av språklig variasjon og endring. I språkstudier som bruker dette begrepet, fokuseres det på hvordan individer kan kombinere ulike språklige trekk for å konstruere ulike personlige og sosiale

●
● «Jeg fant ingen direkte sammenheng mellom måten informantene har lært språket på, og hvorvidt de snakker dialektpreget norsk.»

fra de talemålene de hører, utvikler et dialektfarget språk. Jeg fant derimot ingen direkte sammenheng mellom måten informantene har lært språket på, og hvorvidt de snakker dialektpreget norsk.

Sosiokulturell orientering

På bakgrunn av blant annet disse funnene gikk jeg videre og undersøkte hvordan informantenes ulike språklige praksisformer kan ses i sammenheng med hvilke sosiale grupper de orienterer seg mot, og hvordan de skildrer sin egen identitet.

Undersøkelsen viser at sosiokulturell orientering kan være med på å forklare hvorvidt informantene snakker dialekt-

stiler, slik vi ellers bruker for eksempel klær, hårfrisyrer, musikk eller lignende til å uttrykke identitet. En språklig stil får sosial mening på bakgrunn av det vi vet, mener eller tror om de menneskene som *typisk* snakker på denne måten. Ulike dialekter blir for eksempel ofte knyttet til sosiale stereotyper, og tanken bak konseptet språklig stil er at vi kan nyttiggjøre oss den egenskapen språk har til å formidle hvem vi er, og hvem vi identifiserer oss med, bevisst eller ubevisst.

Mine informanters ulike språklige praksiser og strategier kan betraktes som konstruksjon av eller tilpasninger til en typisk oppdalsk språklig-sosial stil. Spesielt relevant mener jeg dette

perspektivet er når det gjelder å sette ord på Helenas språklige strategier. Bruken av ulike språklige elementer synes for hennes del å ha vært et mer eller mindre bevisst uttrykk for sosial posisjonering og et ønske om å tilhøre et fellesskap – en form for *selviscenesettelse*. Hun har nok kunnskap om det lokale talemålet i Oppdal til å gå inn og ut av en slags typisk oppdalsk språklig stil, noe som blant annet framgår av at hun kan herme oppdalingen på en påfallende «innfødtlik» måte. Hun har også en klar oppfatning av hvilke språktrekk som er svært typisk oppdalske. Hvordan hun til enhver tid bruker de

Aida, men det er sannsynlig at også deres språkbruk har en viss sammenheng med deres identitetsoppfatning. Det er ikke slik at standardnær språklig praksis betyr *avvisning* av «det oppdalske». På bakgrunn av mine funn mener jeg likevel at de ulike informantenes språkvalg kan betraktes som et uttrykk for identitet og sosial posisjonering.

Effekten av dialekt

Det er i dag bred politisk enighet om at innvandrere så fort som mulig må bringes opp på et norskspråklig kompetansenivå som gjør integrering mulig. Det norske språksamfunnet kjennetegnes

-
- «En sentral problemstilling er *hvilken* norsk innvandrere skal lære. Hva er egentlig *god nok* norsk?»

ulike språklige stilene hun har tilgjengelig, synes å være motivert ut fra hennes egen oppfatning av identitet og tilhørighet.

Informanten «Aida» fra det tidligere Jugoslavia synes også å ha tatt nok så bevisst stilling til den lokale språklige praksisen i Oppdal. Hun snakker standardnær norsk. Hun vurderer dialekt som et uttrykk for identitet, og synes det er greit at oppdalingen bruker dialekt overfor henne, så lenge ingen tvinger henne til å snakke dialekt når hun ikke kan det. Hun sier at hun ikke ønsker å tilpasse seg for at folk skal like henne. For henne har det vært mer sentralt å uttrykke seg riktig, og å «være seg selv». Det har verken vært naturlig eller viktig for henne å signalisere en form for oppdalsk identitet gjennom bruk av spesielle språktrekk.

De andre informantene har ikke like klare, uttalte strategier som Helena og

imidlertid av mangfold, både i skrift og tale, og en sentral problemstilling blir derfor *hvilken* norsk innvandrere skal lære. Hva er egentlig *god nok* norsk? I håp om å kunne bidra til kunnskapen om hvilke språklige praksisformer som er gangbar mynt ute i det norske samfunnet, har jeg som en del av studien undersøkt holdningene innfødte oppdalingen har til dialektbruk blant innvandrere.

Dialektbrukerne blant innvandrerne forteller at de har fått en god del kommentarer på sin bruk av dialekt, og responsen har i stor grad vært positiv. Det de forteller, antyder også at innvandrene verken behøver å være spesielt konsekvente, eller at det er nødvendig med mange dialektale innslag, før deres måte å snakke på blir gjenstand for oppmerksomhet. Helena kommenterer dette slik: «Nårr e ha slengt inn et oppdalsord, så ha demm værre så imponert!» Hold-

ningsstudien bekrefter at dialektbruk blant innvandrere er noe mange innfødte oppdalinger vurderer positivt. En beskrivelse som gikk igjen blant oppdalingene jeg snakket med, er at dialektbruk blant innvandrere er «artig», i positiv forstand. Flere ga også uttrykk for at de tolker dialektbruk som et uttrykk for tilpasning til og identifikasjon med den lokale gruppen. De ser på dialektbruk som et tegn på at innvandrere kommer dem i møte. En informant utdyper et slikt standpunkt med å si at dialektbruk for ham er et «synlig og hørbart tegn på at de har gjort en innsats», noe som for ham indikerer at de kanskje vil gjøre en innsats i andre sammenhenger også. En del av informantene er riktignok mer nøytrale eller likegyldige til temaet, men det er interessant at kun én informant gir uttrykk for en direkte negativ holdning til dialektbruk blant innvandrere. Standardnær norsk som andrespråk vurderes derimot ikke negativt, men denne måten å snakke norsk på gir åpenbart ikke de samme assosiasjonene som dialektpreget språk synes å gjøre. Mine funn antyder at dialektpreget norsk som andrespråk er en varietet med større «markedsverdi» blant innfødte oppdalinger enn standardnær norsk som andrespråk.

Språket formidler sosial posisjon

Jeg argumenterer altså for at innvandrernes språklige praksisformer kan betraktes som konstruksjon av eller tilpasning til en «typisk oppdalsk» språklig-sosial stil, og at deres språkbruk kan forstås som et uttrykk for identitet. Samtidig viser holdningsstudien at uansett i hvilken grad en mener at disse innvandrernes praksis kan betraktes som et valgt uttrykk for en sosial posisjon, vil mange innfødte oppdalinger tolke deres språk-

bruk som nettopp en form for posisjonering. Det settes likhetstegn mellom måten de snakker på, og den de er.

Det offentlige ordskiftet omkring språklig integrering av innvandrere i Norge er i stor grad dominert av normative beskrivelser av innvandreres norsk. Opplæringen i norsk som andrespråk skal raskt og effektivt få innvandrerne opp på et språklig kompetansenivå som er *tilstrekkelig*, og innvandreres norsk blir derfor ofte sortert i de nokså diffuse kategoriene *god* eller *dårlig* norsk. Disse normative kategoriene skjuler en rekke interessante individuelle språklige praksiser og sofistikerte språklig-sosiale tilpasningsstrategier, noe som kommer til syne i en individfokusert studie som min. Jeg gjorde riktignok undersøkelsen i et spesifikt, lite bygdesamfunn og blant en relativt begrenset gruppe med individer, noe som betyr at jeg ikke kan tillate meg å generalisere ut fra funnene. Konteksten er likevel ikke mer unik enn at en kan anta at noen av de samme holdningene og mekanismene også gjør seg gjeldende i møter mellom andre individer andre steder.

.....

Rikke van Ommeren har mastergrad i nordisk språkvitenskap fra NTNU. Artikkelen bygger på mastergradsavhandlinga «'Ja, jæi la an på å tålå oppdaling, ja'. En sosiolingvistisk studie av språklige praksisformer blant voksne innvandrere i Oppdal».

Kristofer Uppdal – språk og språksyn

■ ARILD BYE

Språket er noko av sjela. Mennesket har *ei* sjel. Og difor òg berre *eit* språk, det i vår sjel. Ei slekt som veks opp i etteraping etter framande, blir rotlaus i si eiga jord, og knapt levestil. Det som berre kopierar, treng sjølvstendig heller inga skapingsevne.

Dette skriv Kristofer Uppdal i aforismesamlinga *Jotunbrunnen* i 1925. Han er da ferdig med å skrive *Dansen gjennom skuggeheimen*, som skal bli standardverket om norsk samfunnsomskaping i overgangen frå 1800-tal til 1900-tal, vegen frå det gamle bonde- og ættesamfunnet til det nye industrisamfunnet. Han har òg avslutta ein stor lyrisk produksjon, krona med diktsamlingane *Elskhug* i 1919 og *Altarelden* i 1920, som nesten hundre år seinare kjem til å bli anerkjent som europeisk modernismes tidlege gjennombrøt i Noreg. Han har skrive alt dette, den tibinds roman- og lyriksyklusen, og den modernistiske lyrikken, på nynorsk – eit språk han ser for seg skal bli framtidsspråket i Noreg.

Utfordringa i ukjente ord

I starten heldt han seg til eit trøndskprega landsmål, med mange dialektord, i tråd med det som er moderne i tida. Som Olav Duun skar han vekk unyttige bokstavar i direkte tale, slik trøndarane gjer, og skreiv bestemte substantiv utan den stumme t-en, *have*, *borde*, *lande*, *live*. Og han krydra med ei mengd ord frå daglegtalet, frå vanlege folks liv i den tid. Ein del av dei har i dag gått ut

av bruk eller er i ferd med å bli borte. Ein må til dei store ordbøkene for finne dei. Hos Kristofer Uppdal *bliktar*, *blakrar*, *glimar* og *logar* det av det livet han skildrar, som av språket. Folk han skriv




Foto: Aage Stortøkken / Scanpix

om, *glirer*, *gløser* og *gaumar*, dei *japlar* i veg, dei *kjaskar* og tygg, dei *baskar* når dei slit, dei *gurpar*, *kulsar*, *fitlar*, alt karakteriserande ord som vel ikkje er av dei mest nytta i andre diktarar sitt språk. Mange av desse orda er så direkte at dei er litt uærbødige. Dei gir diktinga eit sterkt og karakteristisk preg av tidleg 1900-tals arbeidar- og bygdemiljø. Det angar av dette språket, av natur, sveitte, arbeid, folk og fe.

Men Uppdal tar for seg frå eit språkleg grunnfjell på ein slik måte at lesarane knapt vinn halde følgje, stadig må

-
- «Uppdal tar for seg frå eit språkleg grunnfjell på ein slik måte at lesarane knapt vinn halde følgje, stadig må ein undersøke ord ein ikkje har støytt på før.»

ein undersøke ord ein ikkje har støytt på før: Kva tyder det? Og det? Slikt kan vere ein artig leik. Men for mange vitnar det om ein irriterande mangel på velvilje frå dikteren. Og ein spør: Kvifor skriv han ikkje litt enklare?

Det er sagt om Shakespeare og andre, som vår eigen Wergeland, at ordforrådet deira var ekstraordinært og sette lesarane på stadige prøver. Mange liker å få ei slik utfordring, det blir å gå ein toppur i språket, å tøyse seg intellektuelt.

Møtt med kritikk

Men Uppdal er ikkje Shakespeare og ikkje Wergeland. Han skreiv bygdespråk, bondsk, umoderne. I alle fall såg dei det slik i kultureliten i samtida, men òg mellom arbeidarklasselesarane vart han kritisert for det kompliserte språket sitt. Kritikken fall ofte saman med ein innhaldskritikk. Han møtte innvendingar for at bøkene var rå og ufine, utilbørlege, for lite oppbyggelege og kvar-dagshyggelege. Prestane gjømte unna

bøkene hans frå boksamlingane. Det skjedde stadig vekk og i alle landsdelar. Utan mellom ein liten skare faste lesarar glei diktinga hans med det blikande språket i glømmeboka. Ikkje minst skjedde det etter at stadige konflikhtar, personleg og kunstnarleg, førte han inn i ei livslang bakevje, litterært og menneskeleg, frå da han var rundt 50 år. Først tre år på mentalsjukehus 1926–1929, og sidan eit liv tilbaketrekk i den norske fjellheimen, isolert og taus – han vart nærast ein grinebitar. Også språkleg drog han seg attende og prøvde å

føre språket tilbake til eit heilt eige trønderspråk, det opphavlege urtrønderske, mens han prøvde å skape ein diktfigur, *Kulten*, som han sjølv meinte skulle bli ein parallell til dei store religionsstiftarane i verda. Som visdomsdiktar bar han såleis ikkje på små visjonar, men sikta mot å bli den største i si tid. Og han hevda så lenge han levde, at både diktinga og språket hans ein dag kom til å bli forstått, også diktverket om *Kulten*.

Utvikling i språksyn

Uppdal voks opp i 1890-åras Inn-Trøndelag. Han var eit produkt av folkehøgskolebløminga, som var sterk i Trøndelag. Ho løfta fram det nye språket, ikkje minst på landet. Utviklinga var del av den nasjonale bølga som kulminerte med 1905. På bygdene steig skolestyre etter skolestyre fram og vedtok at landsmålet skulle bli det nye opplæringsmålet. Trøndelag var eit føregangsområde i denne utviklinga alt rundt 1900.

I si første diktning tok Uppdal djupe spa-
detak ned i trønderdialekten, kravde
regional språkleg fridom og krydra dik-
tarspråket sitt med ord frå heimemiljøet
og rallarlivet han da levde. Han hevda
at det nye norske språket måtte tuftast
på eit sterkt grunnfeste i *alle* dialektar,
for han såg eit minus i Ivar Aasens ar-
beid, det var for bunde til Vestlandet.

Frå 1918 arbeider han aktivt for ei
einskapsleg nynorsknorm. Han avviser
etter det dialektdiktinga. Den fører ikkje
til eitt språk, skreiv han, men eitt språk
for kvar enkelt, og det vil bli nynorskens
bane. Han såg for seg som ein konsek-
vens at hans eige språk måtte først inn
mot eit felles nynorsk språk, og skreiv
om dei tre første romanane sine etter
1920, gav dei ei delvis ny språkdrakt,
slik at dei vart mindre trøndske i språk-
forma. Han hevda samtidig stadig at
nynorsken måtte få sterkare basis i dei
austnorske målføra i framtida og stod
på barrikadane i landsmålsavisa *Den
17de Mai* for dette synet. Men aust og
vest slost om a- eller i-ending, slost om
retten til å sette sterkast preg på nynors-
ken i ein diskusjon som til tider skapte
uro i nynorskrorsla, og ein greidde ikkje
å samle seg.

Etter at Uppdal hadde vore gjennom
kriseåra fram mot 1930, søkte han igjen
ein ny veg, tilbake til røtene, og vart
altså mot slutten av livet meir og meir
innelukka i sitt eige språkunivers. Han
fann tilbake til trøndske dativspråk, og
hans trebinds *Kulten*-verk er ein under-
leg språkleg konstruksjon som burde
vore undersøkt av vitskapsfolk i det
trøndske universitetsmiljøet. Så langt
ligg det uopplatt.

Uppdal og Weidemann

Kristofer Uppdal kom frå ein familie i
Steinkjer som har fostra to store norske

kunstnarar. Nevøen er den kjente må-
laren Jakob Weidemann. På eitt vis er
dei like i uttrykk. Weidemanns abstrakte
måleri aular av fargar. Slik Uppdals
romanverd er full av ord som blagar og
skjelv, er Weidemanns kunst eit vilt, ab-
strakt mangfald. Inne i motiva æser og
eimar det, av raudt, brunt, gult, grønt
og blått. Alt er abstrahert natur studert
fram gjennom kunstnarens makro-
objektiv. Det er uforklarleg. Du veit
ikkje heilt kva det er. Du får ikkje auge
på alt med det same heller, det gror lik-
som fram. Slik er Weidemanns kunst.
Og slik er Kristofer Uppdals språk, det
kryr av merkelege ord. Du må snu deg
og sjå, kva var det? Og det? For her byr
rallarar og bygdejenter seg fram i ei
ordverd som utfordrar, som er utanfor
allmannvegen, i eit moderne folkeeven-
tyr, til glede for den som har funne fram
dit. Her er mye å gå på leit etter, og den
som leitar, finn. Det er språkleg nasjonal-
skatt ein jaktar på, om ein går i gang.
For Uppdal seier sjølv i diktet «Andletet»
(1913), eit språkprogram, det òg:

Ja, mitt språk det er som fedrelandet,
fylt med gråfjell og med glim av blåe bre.
Og som språket er min eigen diktar-ande
og i versa rullar brede-is og gråfjell med.
Men i millom blømer skog og grøne dalar,
der det solvind over villgras-hagom bles.
Og um sume ei forstår det språk eg talar,
eingong skjonar dei det like vel – og les.

.....

Arild Bye er journalist og tidlegare
redaktør i NRK i Steinkjer. Han har
skrive boka *Ein mot alle. Kristofer
Uppdal – biografi* (2010).

Artikler av Vigleik Leira samlet i bokform

Mange som har fulgt med i Språknytt en stund, vil huske Vigleik Leira som forfatter av en rekke artikler i bladet opp gjennom årene. Leira, som døde i fjor, arbeidet i Språkrådet fra 1975 til 2001, og ikke så rent få av alle dem som var i kontakt med Språkrådet i denne perioden, har nok snakket med ham på telefon eller fått råd av ham pr. e-post.

Vigleik Leira skrev mye om ulike språklige emner også utenom arbeidet i Språkrådet. Før sin død hadde han gjort ferdig et utvalg av artikler som han ønsket å få utgitt i bokform. Dette utvalget er nå kommet som bok på Novus forlag med tittelen *Grammatiker og bryggearbeider. Artikler om språk og språkbruk av Vigleik Leira*. Boka inneholder både teoretisk pregede artikler, særlig om grammatiske spørsmål, og mer praktisk-populært stoff.



Leira var blant annet en pioner når det gjaldt registrering av nyord i norsk, og boka inneholder også artikler om dette interessante og populære emnet.

Lærebok i terminologi

I 2010 kom læreboka *Ordning och reda. Terminologilära i teori och praktik* av Anita Nuopponen og Nina Pilke (Norstedts 2010, 218 s.). Forfatterane er begge sentrale aktører i nordisk terminologi.

Boka byggjer på svensk språkmateriale og er dermed lett å tilpassa til ein norsk undervisningssituasjon. Ho dekkjer dei sentrale områda omgrep og omgrepslære, definisjonar og termdanning, og viser gangen i eit terminologiprojekt. Den andre halvdelten er sett saman av artiklar der bidragsytarane går djupare ned i utvalde aspekt. Boka har òg fyldige og oppdaterte oversikter over terminologisk faglitteratur. I form er boka relativt lite teknisk, men er likevel prega av innsikter og synspunkt frå nyare forskning.

Skavlan – en mannssjåvinist?

■ ERIK PAPAZIAN

Denne artikkelen er et tilsvaer til Silje Marie Femtegjelds artikkel «Veksling mellom norsk og svensk i Skavlan», som stod i Språknytt nr. 1, 2011.

De fleste har vel lagt merke til at Skavlan «svorsker» litt når han snakker med svenske gjester i programmene sine, det vil si at han tilpasser seg dem ved å bruke noen svenske ord istedenfor norske. Silje Marie Femtegjeld har undersøkt dette nærmere. Hun har gjennomgått to programmer fra 2010 og legger fram noen resultater i *Språknytt* nr. 1, 2011. Innledningsvis spør hun om Skavlan legger om til svensk på en mannssjåvinistisk måte, og siterer en kvinnelig gjest som mener han var nedlatende mot henne. Nå sier Femtegjeld til slutt at undersøkelsen hennes ikke gir grunn til å slå fast at han er mannssjåvinist, men hun avkrefter det heller ikke og gir gjesten rett, slik at beskyldningene blir stående der. Derfor syns jeg det er grunn til å forsvare mannen, sjøl om jeg ikke har sett de to aktuelle programmene. Han virker ikke som en typisk machomann, og man venter ikke nedlatenhet av en som går for å være skandinavisk mester i kommunikasjon. Jeg synes Femtegjeld trekker altfor sterke konklusjoner av et heller spinkelt materiale, og de tingene hun påpeker i artikkelen, kan forklares på bedre måter enn med mannssjåvinisme.

Femtegjeld finner at vekslinga til

Skavlan varierer med *kjønn* og *yrke eller sosioøkonomisk gruppe*, slik at han bruker mer svensk til kvinner enn til menn, og mer til folk med lav sosio-økonomisk status enn til folk med høy. Femtegjeld nevner fem eksempler på dette, og disse eksemplene er da grunnlaget for antydninga om at han er mannssjåvinistisk. La oss se nærmere på dem. De fem svenske gjestene Femtegjeld nevner, er Carolina Gynning, som blir presentert som glamourmodell og TV-kjendis, skuespilleren Maria Lundquist, tidligere direktør i Svenskt Näringsliv, Ebba Lindsö, advokat og forfatter Jens Lapidus og skuespilleren Robert Gustafsson. Skavlans vekslingsprosent til hver av disse var henholdsvis 3,4, 2,9 og 1,5 % til kvinnene, og 2,1 og 1,8 % til mennene. Om vi deler inn etter kjønn, ser vi at tilpassingsgjennomsnittet er 2,6 % for kvinnene og 1,95 % for mennene, altså litt mindre. Men vi ser også at en kvinne fikk både den høyeste prosenten og den laveste. Og er det sannsynlig at Skavlan tror at svenske kvinner forstår norsk dårligere enn svenske menn? I tilfelle, hvorfor? Er det noe grunnlag for en slik forestilling? Den hypotesen bør man ty til bare om det ikke fins noen andre, men det gjør det her.

Yrke og utdanning istedenfor kjønn

En mer sannsynlig forklaring på ulik tilpassingsstrategi kunne være *yrke* og *sosio-økonomisk status*, en hypotese Femtegjeld ikke følger nærmere opp. Det virker ikke urimelig å anta at ferdighet i å forstå norsk kan ha noe med disse tingene å gjøre. En annen relevant faktor er *utdanning*, som henger sammen med yrke og sosio-økonomisk status, altså ved at jo høyere utdanning og generelle språkkunnskaper svensker har, jo bedre forstår de norsk. Man venter bedre språkkunnskaper av folk i ledende stillinger, som en direktør eller en advokat, som trolig har god utdanning og treffer mange slags folk, eller av en skuespiller, som arbeider med språk, enn av en glamourmodell eller en fisker. Om vi prøver å klassifisere de fem gjestene etter høy/lav antatt utdanning og sosial status, må advokaten (Lapidus, 2,1 %) og direktøren (Lindsö, 1,5 %) komme på topp og glamourmodellen (Gynning, 3,4 %) på bunn, mens de to skuespillerne (Gustafsson, 1,8 %, og Lundquist, 2,9 %) vel må plasseres i en mellomstilling. Da blir gjennomsnittet for høy utdanning og status 1,8 %, for middels 2,35 % og for lav 3,4 %, altså en gradvis stigning med synkende utdanning og status, i tråd med hypotesen. Denne rangeringa gir langt bedre mening som forklaring på tilpassingsgraden til Skavlan enn den kjønnsbaserte, sjøl om materialet fortsatt er for tynt til å trekke noen bastante konklusjoner.

Om Gynning fikk ekstra mye svensk, er det altså ikke nødvendigvis fordi hun var kvinne, men det kan også være fordi hun var glamourmodell og Skavlan derfor antok, kanskje feilaktig, at hun var lite vant med norsk. Det eneste som kunne peke i retning av kjønnsdiskriminering, er at av de to skuespillerne

fikk mannen 1,8 % svenske ord og kvinnen 2,9 %. Men det oppveies iallfall delvis av at av de to høystatusgjestene fikk gubben 2,1 % og dama 1,5 %. Det kan altså slå begge veier, kanskje avhengig av personlige egenskaper hos gjestene og kjemien mellom de to. Men tendensen blir langt tydeligere om man fokuserer på yrke istedenfor på kjønn, og uansett er ikke et eksempel eller to nok til å trekke en generell konklusjon og beskyldte folk for noe som helst. Før man antyder at noen er mannsjåvinist, må man påvise *en generell tendens* hos vedkommende til å behandle kvinnene dårligere enn mennene – forutsatt at mer tilpassing er dårlig behandling. Det er mulig at Skavlan hadde en dårlig dag da han intervjuet Carolina Gynning og undervurderte glamourmodellen, og det er mulig at Femtegjeld har mer materiale som viser en slik generell tendens. Men det bør i tilfelle legges fram *før* man kaller Skavlan mannsjåvinist. Ellers kan man komme til å opptre som kvinnesjåvinist – og det er vel ikke så mye bedre?

.....

Eric Papazian er tidligere førsteamanuensis ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier ved Universitetet i Oslo.

OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i spørsmål og er underlagt Kulturdepartementet.

Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal være i bruk i alle deler av samfunnet også i fremtiden – og ikke bli tilsidesatt av engelsk.

Vi vil gi det offentlige, næringslivet og folk flest tro på at norsk språk duger, og arbeider for å øke kunnskapen om norsk språk.

Dette gjør Språkrådet for å styrke det norske språkets stilling:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonene våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på om lag 10 000 spørsmål på e-post og telefon i året.
- Vi arrangerer konferansen Språkdagen hvert år for å skape debatt om aktuelle utfordringer for norsk språk.
- Vi har en språktjeneste for statsorganer som gir råd til statsansatte om hvordan de kan skrive klart og godt og få en jevnere fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi har en terminologitjeneste som samordner utvikling og tilgjengeliggjøring av norsk terminologi og fremmer bruken av norsk fagspråk.
- Vi har en tilsynstjeneste som følger med på om statsorganene følger kravene til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi informerer om norsk tegnspråk og samarbeider med aktører på feltet.
- Vi har en stedsnavntjeneste som gir råd om hvordan stedsnavn skal skrives på kart og veiskilt.
- Vi arbeider for at IKT-produkter skal bygge på norsk tekst og tale, og samordner en datatermgruppe som foreslår nye, norske dataord.
- Vi gir diplom til næringsdrivende som har gitt virksomheten et godt, kreativt norsk navn.
- Vi samarbeider med offentlige og private institusjoner om tiltak som styrker bruken av norsk.
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skolen.
- Vi forvalter rettskrivningen i nynorsk og bokmål og følger med på hvordan språket utvikler seg.

Direktøren i Språkrådet er leder for 30 ansatte. Styret i Språkrådet er utnevnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkyndige og språkengasjerte personer fra hele samfunnet. Fagrådene gir innspill og råd om saker på sine fagfelter.

www.sprakradet.no

www.sprakradet.no

SPRÅKRÅDET
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLIG REDAKTØR:
Arnfinn Muruvik Vonen

INFORMASJONSSJEF:
Svein Arne Orvik

REDAKTØR:
Åsta Norheim
asta.norheim@sprakradet.no

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artikler fra
eksterne skribenter står
for forfatterens syn.

Ettertrykk tillatt når kilden
er oppgitt.

OPPLAG: 12 000
Tekstene i dette nummeret
fins også på Internett:
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Fire nummer i året
Redaksjonen avsluttet
26.08.2011


LAYOUT: Marit Heggenhougen
www.cmykdesign.no
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

OMSLAGSBILDE:
Fra Oppdal
Foto: Orsolya Haarberg / Scanpix

B

NORGE/NØREG



P. P.

HISTORIA BAK

MYKILL LYKILL

Adjektivet *mykill* og substantivet *lykill* er heilt vanlege norrøne ord. *Mykill* finst i dag truleg berre som forledd i nokre stadnamn, til dømes *Myklebostad*, *Myklegard* og *Myklemyr*, og i forvanska form i *Nøklevann* og *Nøkleby*. I delar av Noreg har nok adjektivet *mykill*, som òg kan heita *mikill*, gått av bruk tidleg, elles hadde truleg ikkje *mykli-* i samansette ord blitt forvanska til *nøkle-*. Folk nå for tida må jo tru at det har med *nøkkel* å gjera.

Haraldr inn harðráði, som døydde i 1066, tenestgjorde i mange år i den store greske byen som vikingane kalla *Mykligarðr*. Det norrøne namnet *kan* vera ei beinveges omsetjing av det greske ordet *megalopolis*, for *megalos* tyder 'stor', og *polis* tyder 'by'. Men det offisielle greske namnet på byen var *Konstantinopolis*. Ei forkrøpla utgåve av det bynamnet er *Istanbul*. Heime i Noreg kjende Haraldr kan henda til garden *Myklibør*, som tyder 'Storgarden', for *mykill* tyder 'stor'. *Nøkleby* tyder såleis 'Storgarden'.

Haraldr kunne gresk, så han visste sjølvsagt at gresk *megalos* og norrønt *mikill* tydde nett det same. At dei to adjektiva hadde same historiske opphav, tenkte han truleg ikkje på, men det gjer *me* når me ser på denne samanlikninga:

gresk	m	e	g	a	l	o	s
	↑	↓	↑	↓	↑	↓	↑
norrønt	m	y	k	i	l	o	l

Lykill heiter *lykel* på nynorsk, men kan også heita *nykel*, eller *nøkkel*, som på bokmål. *Lykill* tyder altså 'nøkkel', og da tyder *mykill lykill* 'stor nøkkel'. Forvanskinga av *lykill* til *nykill* er noko underleg, for det norrøne verbet *at luka*, som tyder 'å låsa', heiter ikkje å *nuka* på moderne norsk.

Svein Nestor, cand.philol.

RETURADRESSE:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

ISSN 0333-3825